



Olav Gunnar Hjelmeland og Ivar Berge-Soldal var på fritidsmessa for Fjellhaugen skisenter

**Det nærmar seg ny skisesong, og forhåpentlegvis vert det flotte skiforhold i Fjellhaugen skisenter. For å driva dette gode tilbodet, trengst det frivillige som hjelper til med drifta. Fjellhaugen skisenter var representert på fritidsmessa laurdag for å marknadsføra det gode tilbodet og for å rekruttera frivillige.**

Driftsleiar Ivar Berge-Soldal i Fjellhaugen skisenter seier at dei treng folk i kiosk og billettsalg samt å jobba i trekket. Det er vakt fjerdekvar onsdagskveld i tillegg til kvar fjerde laurdag og søndag. Han håpar på god respons og at interesserte melder seg til teneste. Nødvendig opplæring vil dei sjølvsgt få. Interesserte kan melda seg til driftsleiar Ivar Berge-Soldal på driftsleder@fjellhaugen.no eller mob 90906533.

Dei frivillige er heilt nødvendige for Fjellhaugen skisenter, og det er altså vakter i sesongen samt litt dugnad før og etter sesongen det er snakk om.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døsland